

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2012 44. årg.



M-Aksklubben - viktig arena for borna
Side 4



Den nye bibelomsetjninga
Side 6



På Madagaskar
Side 8



Klare for misjonsteneste
Side 11

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret	tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00	
heimeside: http://www.time-kyrkja.no	
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no	
telefaks	tlf. 51 77 03 60
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne	
Prost: Kjell Børge Tjemsland	tlf. 416 38 048
Sokneprest: Stein Ødegård	tlf. 911 57 105
Prostiprest: Gunnar Frøyland	tlf. 958 73 847
Kateket: Ingfrid Time Nærland	tlf. 51 48 40 69
Diakon: Torild Egeland Reime	tlf. 911 81 696
Sekretær Bryne sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:	
Elisabeth Obrestad	tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:	
Hanne Brit Sandsmark	tlf. 99 62 61 57
Sekretær: Kari W. Ødegaard	tlf. 51 77 03 77
Kyrkjevevjerje: Olav Vegard Søyland	tlf. 51 77 03 69
Konsulent: Tor Aase	tlf 51 48 34 82
Prosjektleiår trusopplæringer:	
Jorunn M. Ueland	tlf. 51 48 85 10

Time	tlf. 51 48 32 84
Organist: Oddny Underhaug	tlf. 900 11 178
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Soknerådsleiår Karin Lima Friestad	tlf. 476 23 950
Klokkar: Sofie Braut	
Time kyrkjegard	tlf. 51 48 32 84

Bryne	
Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad	tlf. 412 72 862
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth	tlf. 996 19 121
Organist: Per Olav Egeland	tlf. 51 48 66 68
Klokkar: Leif Andenes	tlf. 909 93 176
Soknerådsleiår: Ruth Stabel Berg	tlf. 938 31 623
Barne- og ungdomsarbeidar:	
Jorunn Pettersen	tlf. 51 77 03 72

Lye forsamlingshus	
Heimeside http://www.lyeforsarnlingshus.no	
Ungdomsprest: Ole Tørring	tlf. 951 78 971
Leiår forsamlingsstyret:	
Arne Heggheim	tlf. 900 34 326

Undheim	tlf. 51 48 68 20
Prest: Per Børge Hillestad	tlf. 934 42 919
Kyrkjetenar: Hans Undheim	tlf. 51 48 45 55
Soknerådsleiår:	
Kåre Sigurd Undheim	tlf. 51 48 43 07
Ungdomsarbeidarar:	
Synnøve Høyvik	tlf.41 45 03 95
Runa Aarrestad	tlf. 90 76 02 32

Undheim kapell	tlf. 51 48 68 20
-----------------------	------------------

Til ettertanke



Torstein Bjorland

Å kjenne Gud

Midt i alt virvaret av verdens religioner, meninger om hvem Gud er, hvordan Jesus egentlig var og om det virkelig kan finnes en Gud som har skapt verden, er det en ting som gir meg fullstendig ro: Jeg har begynt å utvikle et vennskap med Gud. Gud er ikke lenger bare noe jeg kan kaste fram som et argument i diskusjonen. Han er en venn som jeg har erfart ting sammen med. Jo mer jeg kjenner ham, jo mer vil jeg at andre skal få bli kjent med ham. Kjenner du ham? For hadde du kjent ham, sånn personlig altså, så hadde kanskje noen motargument blitt litt mindre viktige. For rundt 2000 år siden, ikke lenge før Jesus ble tatt til fange og korsfestet, løftet han blikket mot himmelen og ba til sin Far i himmelen slik at disiplene hørte det:

”Og dette er det evige liv, at de kjenner deg, den eneste sanne Gud, og ham du har sendt, Jesus Kristus.” Joh 17,3

Det virker som om Jesus skal oppsummere hva livet virkelig handler om: ”I forhold til alle andre ting så er dette det viktigste: Å kjenne Gud! Hvis du går glipp av dette så går du glipp av selve livet. Hvis du får tak i dette, så får du tak i selve livet!”

Kjennskap, ikke kunnskap
Det går an å vite mye om Gud uten å kjenne ham. Du kan lese deg til å vite

det meste om Gandhi uten å kjenne ham. Skal du kjenne noen må det brukes tid sammen. Og jo mer tid du bruker med en person, jo bedre vil du kjenne ham. Du begynner å gjenkjenne hans stemme når du tar telefonen. Du begynner å vite hva han liker og hva han ikke liker; og kanskje hva som ligger på hans hjerte som få andre vet. Og hvis du kjenner en person godt så begynner du å bli komfortabel med ham selv når det ikke er så mye å si. Når var sist gang du satte deg ned sammen med Gud og var stille?

Jesus er ikke en religion, men en person du kan kjenne!
Det er lett å gå i fellen av å være så opptatt av å gjøre noe for Gud at en glemmer det som er så mye viktigere; å kjenne Ham, å være med Ham, å lytte til Ham. Han er mer interessert i vårt vennskap enn alt vi gjør for ham. Det går an å gjøre mye for Gud uten virkelig å kjenne ham. Det betyr ikke at det en gjør for Gud ikke er viktig. Det er mer et spørsmål om prioriteringer der vi lar det viktigste få være det viktigste. ”Det gode er det bestes største fiende.” Vi kan fort bli så travelt opptatte av å gjøre viktige ting at vi glemmer det som er aller viktigst.

La det å kjenne Jesus igjen bli noe du søker med hele deg! La han få forme deg og prege deg. Og må du få erfare at han er en Gud det går an å kjenne personlig! *Torstein Bjorland*

Min Salme

Jeg fikk vokse opp i en kristen heim der det var en del sang og musikk. Hver lørdags- og søndagsmorgen var det andakt etter maten, og den ble avsluttet med sang. ”Navnet Jesus” brukte vi mye, og den kom først i tankene mine da jeg ble spurt om å velge ”Min salme”.

Far var søndagsskolelærer i mange år og var et fyrlys som fikk peke på Jesus for oss barna. Da vi fikk velge sanger på søndagsskolen, valgte vi ofte denne og kunne den utenat.

Salmen, som er skrevet av frelsesarméoffiseren David Welander og bygger på Salme 72.17, ble kåret til århundrets salme av NRK’s radiolyttere i programmet ”Salmer til alle tider”. Salmen har fått vinger. Den er ikke bare kjent her i Norge, men blir også sunget langt utover landets grenser. Det er få norske sanger som er blitt oversatt til så mange språk som ”Navnet Jesus blekner aldri”, kan vi lese på NRK sine programsider. Den er ofte blitt kalt for ”Nordens kristne nasjonalsang”.

Arne Ove Teigen



Nordens kristne nasjonalsang

1. Navnet Jesus blekner aldri, Tæres ei av tidens tann, Navnet Jesus det er evig, Ingen det utslette kan. Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd, Det har evnen til å samle Alle sjeler inn til Gud.

Kor: Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann. Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.

2. Jesu navn? Hvor skjønt det klinger, La det runge over jord! Intet annet verden bringer Håp og trøst som dette ord. For det navn må hatet vike, For det navn må ondskap fly. Ved det navn skal rettferds rike Skyte friske skudd på ny.

3. Midt i nattens mørke blinker Som et fyrlys Jesu navn Og hver hjelp’løs seiler vinker Inn til frelsens trygge havn. Og når solen mer ei skinner, Jesu-navnet lyser enn. Da den frelste skare synger Høyt dets pris i himmelen.

MINNEGUDSTENESTE

Søndag 15.januar var eg på kveldsgudsteneste i Time kyrkje til minne om alle frå Time som gjekk bort i 2011. Etter å ha vore gjennom den første julefeiringa med den tome plassen i familie- og venneflokken, kom pårørande til kyrkja denne kvelden. Nettopp det at kyrkja var fullsett vart eit godt handslag. Me var ein stor flokk som bar på sorg og sakn, om enn på ulikt vis. Akkurat det understreka presten i velkomstorda. Det var ein lågmælt gudsteneste, og eg opplevde konkret kor inderleg kyrkja ynskjer å gå vegstubbbar og motbakkar i lag med sørgjande. Programmet var som ein vev av vakker musikk, song og Guds ord om håp og trøyst. Ein uforklarleg atmosfære fylte kyrkjerommet, - - - uvanleg stillhet og ro. Namna på alle som døydde i vår kommune i 2011 vart lesne opp og eit lys tent for kvart namn. Eitt hundre og to lys, pluss to ekstra lys til slutt som ga kvar av oss anledning til å la tanken gå til nokon som ikkje var nemnde denne kvelden

Med stor takk frå ein pårørande

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Knut Aalgaard, Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint. Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må vera oss i hende innan 2. mars. Ver vennleg å senda stoff til Helgedagen innan fristen. Neste nr. kjem ut ca. 23. mars.

Framsida Undheim kapell. Foto Gunn Berit Soldal.

M-Aksklubben er kjekk!



M-Aksklubben er ein flott gjeng av gutar og jenter i 1. – 4. klasse. Dei møtest annankvar tysdag på Saron til ymse forming-aktivitetar.

Helgedagen fekk vera gjest den første tysdagen i det nye året. Denne kvelden var gutane i fleirtal, og det var tydeleg at her skulle det jobbast! Mange hadde fått nye halvfabrikata av tre å jobba med, og dei hadde sjølve valt seg modell på førehand. Ein av leiarane, Alvin Aarbakke, seier at dei prøver å få skikkelege sluttresultat, men dei vil likevel ikkje at overdriven pussing skal ta arbeidsgleda frå dei små snikkarane. Han registrerer også frammøte og tek mot pengar for medlemskap: 20 kr. Det må vera ein overkomeleg pris for så mykje kjekt arbeid!

Produkta kan dei få med seg heim, til halv pris, eller gje dei til den årlege basaren i mars. Dei aller fleste ønskjer nok å få med seg det dei har streva med. I eit anna rom driv dei med papirarbeid og liknande. Her er jentene i fleirtal akkurat denne kvelden, men talet på frammøtte kan variera frå gong til gong. Produkta varierer også.

Dei som ikkje skulle finna noko dei har lyst å laga, kan få eit anna tilbod: Skrua frå kvarandre defekte platespelarar, radioar og liknande. Det er jo alltid interessant å sjå korleis ting ser ut



inni! Ei skikkeleg utfordring kan det vera å få dei oppdelt i små deler og koma inn i det indre! Her er mange leiarar med, mange i godt vaksen alder, men med smilet på lur og klare til å hjelpe små hender med små og store utfordringar. Også nokre fedrar stiller opp med god hjelp. Nokre av dei har vore med i mange år. Ein av dei, Alvin Aarbakke, starta som medlem i gutelaget. Han fekk etterkvart sjølv ansvar, og har med små avbrot vore leiar i over 60 år. Det står det respekt av. På spørsmål om kvifor han har halde ut så lenge, er svaret at det så viktig eit arbeid at han vil stå på. – Ikkje godt å slutta, nokon må jo overta. Han meiner at arbeidet kanskje er endå viktigare når skulen ikkje lenger har ansvar for trusopplæringa.

Ein annan leiar som også har vore med lenge er Christen Øygard. Han er ein av dei som var med då gutelaget var i kjellaren hos Otto Aase. Ja, for det var opphavleg eit gutelag. Det er først dei siste 15-20 åra at det også har vore jenter med. Øygard hadde fått eit råd då han skulle flytta til Bryne: - Du må melda deg inn i ein misjon. Det rådet har han trufast følgd i alle desse åra. Ei bjølle kling når det går mot slutten av samlinga. Det betyr opprydding og andakt. Denne kvelden er det Jan Steffensen som har ein lyttande flokk framfor seg. Så er det ut i regnet att. – M-Aksklubben er kjekk, seier ein av gutane. Dei har plass til fleire!

LHH



BILETA

- 1) Papirgjengen
- 2) Bilproduksjon saman med far
- 3) Dette skal bli brannbil
- 4) Mykje å gå laus på her!

- 5) Ikkje plass for kråker her, nei!
- 6) Snart klar for svi-penn
- 7) Jenter kan!
- 8) Trufaste leiarar: Christen Øygard og Alvin Aarbakke





På Bryne vart den nye bibelomsetjinga markert med kontinuerleg bibellesing i kyrkja og på M44

Ny bibelomsetjing - fornya bibel interesse

Den nye bibelomsetjinga har ført til fornya bibelinteresse og rekordsal av biblar. I 2011 vart det selt dobbelt så mange biblar som året før. I fleire veker før jul toppa Bibelen salslistene.

På Bryne rapporterer bokhandlarane om stor interesse for Bibel 2011. Både på Norli og Bok & Media får Helgedagen opplyst at salet av biblar har vore større enn forventa. På Bok & Media var enkelte utgåver av Bibel 2011 utselde få dagar etter lanseringa.

Det er eit omfattande språkprosjekt Det norske bibelselskap har gjennomført ved å gje ut Bibelen i ny omsetjing – både på nynorsk og bokmål. Ei breitt samansett gruppe har jobba med prosjektet i 11 år. I tillegg til teologar, filologar, historikarar og språkkonsulentar har også skjønnlitterære forfattarar og lyrikarar vore med for at den heilage skrifta skulle bli best mogeleg på norsk. Språket endrar seg stadig. Ord og uttrykk som blir oppfatta som gamaldagse, kan med fordel bytast ut, ikkje minst med tanke på kommunikasjon med dei unge.

Ein annan grunn til at Bibelselskapet gjekk i gang med prosjektet, var ynskjet om å koma nærare grunnspråket. Forsking gjer at ein nå har meir kunnskap om grunnteksten enn nokon gong i moderne tid.

Lanseringa i oktober fekk omtale i dagspressa og andre media – om enn i ulik grad. Men særleg mot slutten av året, då det synte seg at Bibelen gjekk til topps på salslistene, kom det mange interessante omtaler av bøkene i Bibel 2011. Det vart eit litterært fokus på Bibelen som aldri før.

Bibelen er "årets største litterære begivenhet" skreiv *Aftenposten* sin kommentator 24.12. I det lit-

terære magasinet *Bokvennen*, som vart kåra til fjorårets nordiske tidskrift, handlar heile siste utgåva om Bibelen. *Morgenbladet* har hatt fleire to-siders oppslag om enkelte av bøkene i Bibel 2011. I det litterære tidskriftet *Vinduet* sitt julenummer, har litteraturvitaren Espen Røsbak vurdert kvar enkelt bok i Bibel 2011 med eit terningkast. Her er det å merka at han kjem med ei innrømming i innleiinga: **"jeg forsøker å ignorere helheten, som er blendende"**.

Dei litterære og språklege omtalane av Bibelen kan kanskje få fram gløynde dimensjonar i tekstane. Men Bibelen som litteratur treng ikkje og bør ikkje spelast ut mot Bibelen som heilag skrift. For å avslutta slik som dominikanarpateren, Arnfinn Haram, gjer i sin artikkel i *Bokvennen*: "Lanseringa av ny bibelomsetjing bør ikkje bli berre ein serie med fest-talar, men ein provokasjon. Når alle orda har lagt seg, burde smaken av Guds Ord kjennast att".



Bibelstafetten starta kl. 07.00 i Bryne kyrkje

Bibellesing frå morgon til kveld

På Bryne vart bibelomsetjinga markert med ein dags kontinuerleg bibellesing i kyrkje og på kjøpesenteret, lørdag 22. oktober. Bibelstafetten starta kl. 07.00 i Bryne kyrkje og haldt fram på M44 då senteret åpna kl. 10.00. Fram til stengetid kl. 18.00 vart det lest frå Bibelen i 2. etg av kjøpesenteret, og siste del av lesinga gjekk føre seg i kyrkja fram til kl. 21.00.

Markeringa vart avslutta med eit kveldsmøte med bibelvers i ord og tonar. Mange hadde møtt fram til dette, og dei fekk oppleve ei stemningsfull stund med blant anna Sigurd Idland frå Lye som deklamerte frå Bibelen.

Markeringa på Bryne var eit samarbeid mellom Bryne sokneråd, andre kyrkjelydar og kristne organisasjonar. Misjonsforeiningar, bibelgrupper og enkeltpersonar var med for å gjennomføra programmet.

RT



Born utanfor hiv/aids-senteret i Dechatu, Etiopia

Bibeldagen 5. februar 2012: Biblar til Etiopia

Bibelen kan endre Afrika! I dag ser vi at den sørlege delen av Afrika blir dominert av dei kristne kyrkjene, og store delar av folket vedkjenner seg kristen tru. I den sentrale og nordlege delen av kontinentet er situasjonen annleis. Mange statar har ein stor muslimsk folkesetnad, og mange praktiserer framleis gamle religionar. I 2012 vil Bibelselskapet rette merksemda mot Etiopia, Afrikas mest folkerike stat, eit stort land med ei av dei eldste kyrkjene i verda. I motsetnad til resten av Afrika har Etiopia aldri vore ein koloni under europeiske statar. Men det er eit av dei fattigaste landa i verda med ein stor folkesetnad på landsbygda med låg utdanning. Det er stor interesse for Bibelen i Etiopia. Men landet har mange folkeslag som talar ulike språk. Det er ei stor utfordring å skaffe biblar til alle. Omsetjing til mange av dei lokale språka er viktigast. Talet på biblar som blir spreidde, aukar stadig, men det er vanskeleg å skaffe nok biblar til ein rimeleg pris slik at også den fattige delen av folket kan få sin eigen bibel. Bibelselskapet har utvikla eit program for å avgrense utviklinga av HIV/AIDS. Det er svært suksessrikt i Etiopia. Ved hjelp av bibeltekstar – og særleg likninga om den miskunnsame samaritanen – blir det opna rom for samtalar om korleis ein skal leve for å unngå smitte, og korleis ein skal ta vare på dei som allereie er råka.

Bibelselskapet i Etiopia hjelper kyrkjene ved å sørgje for Det nye testamentet på lokale språk til dei som ønskjer det, både i papirform og på kassetar. Særleg i flyktningleirar med mange eritrearar er det stor etterspurnad etter biblar.

Midla som blir samla inn på Bibeldagen vil mellom anna gå til:

- Omsetjing til seks lokale språk
- Biblar til skuleungdom og studentar
- Utvikling og distribusjon av lydbøker for dei som enno ikkje kan lese
- Avgrense utviklinga av HIV/AIDS

Les meir om Bibeldagsprosjektet på nettstaden www.bibeldagen.no.
Kontonummeret til Bibelselskapet: 3000.16.16869




Shalom!

Vi er Lisbeth og Christian Rasmussen. Sammen med vores børn, Johan, Magnus, Amanda og Simon bor vi i Tel Aviv-Yafo, hvor vi arbejder i Immanuel Church (IC) - en luthersk menighed, som består af en dejligt farverig forsamling mennesker.

Christian er prest i Immanuelkyrkja.

Sjå bloggen hans:
<http://lischris.blogspot.com/>



Invitasjon

Styret for Stavanger krets av Den Norske Israelsmisjon (DNI) inviterer alle israelsmisjonsvenner til områdesamlinger i ukene 9-10-11-12-2012! Målet med disse er å inspirere hverandre til ny giv i misjonsarbeidet!

Særlig vil vi invitere representanter for de menighetene som DNI har samarbeidsavtale med; enten det er fra de ansatte, menighetsrådet eller misjonsutvalget. Ellers er alle som er med i en DNI-forening, personlige medlemmer, bygdekontakter, bedehuskontakter, menighetskontakter, alle tidligere ansatte, og alle andre som er interessert i Israelsmisjonen og return2sender, hjertelig velkommen! Misjonssekretæren og noen fra kretsstyret vil delta på alle åtte samlingene.

Vi skal presentere satsningen på DNI-ambasadorer, og noen av de mange utfordringene vi har i arbeidet hjemme og ute, og vi skal ha en god økt til samtale over en kopp kaffe. Områdesamlingen for jæren er på

Varhaug misjonshus
19. mars kl. 19.00 - 21.30

Omtrent en måned senere inviterer vi til kretsårsmøte i den nye kirken på Nærbø; søndag 15. april. Det starter med gudstjenester både i Nærbø, Ogna og Varhaug kirker kl 11.00, deretter årsmøte med servering, forhandlinger, bibeltime, foredrag frem til ca kl. 18.00. Gjest og hovedtaler: Generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann.

Paul Odland
misjonssekretær Israelsmisjonen
stavanger@israelmisjonen.no

Immanuelkyrkja i Tel Aviv

Eg har besøkt Immanuelkyrkja i Jaffa, den gamle bydelen i Tel Aviv, fleire gonger. Men korfor har eg, og fleire med meg på Bryne, ein relasjon til denne kyrkja? Det dreier seg om eit misjonsengasjement. Bryne kyrkjelyd har valt eit misjonsprosjekt der me vil vera med og bringa evangeliet om Jesus tilbake til folket og landet evangeliet opprinneleg kom frå. I dag er den kristne trua dessverre i liten grad kjent blant jødar i Israel. Gjennom misjonsprosjektet støttar me Israelsmisjonen sitt arbeid, konkretisert til kyrkjelyden i Immanuelkyrkja og re-

turn2sender, som er organisasjonen sitt arbeid med å skapa engasjement for misjon og forsoningsarbeid blant unge. Det er mange som blir usikre når dei høyrer om Israelsmisjonen, for det er fleire norske organisasjonar som har "Israel" med i namnet sitt og desse organisasjonane er ganske ulike. Nokre kallar seg profetiske, andre humanitære eller politiske organisasjonar. Støttar Bryne kyrkjelyd verkeleg ein slik organisasjon? Det er viktig å seia at Den Norske Israelsmisjon ikkje har ei slik sjølvforståing. Dette er ein misjons-organisasjon

som arbeider i samarbeid med Den norske kyrkja og fokuserer på det jødiske folket, hovudsakleg i Israel, men også i fleire andre land. Dessutan har organisasjonen eit spennande engasjement for forsoningsarbeid i den vanskelege konflikten i Midt-Austen.

Immanuelkyrkja verkar faktisk som ein magnet på mange jødar i Tel Aviv i dag. Dei veit ofte lite om den kristne trua, men dei er nysgjerrige på denne kyrkja som ligg i eit spesielt nabolag med historiske bygningar. Gjennom ei vanleg veke kjem mange menneske innom for å oppleva "noko annleis". Kyrkja inviterer også til månadlege konsertar som interesserer mange. Immanuelkyrkja er open og tar i mot alle som kjem, uavhengig av tru og bakgrunn. I helgene møter ei samansett forsamling til gudsteneste, faktisk menneske frå alle kontinent og frå ulike sosiale miljø, både jødar og ikkje-jødar. Sjølv om dei er ulike, har dei éin viktig ting felles; trua på Jesus som Messias.

Paulus skriv: "Men korleis kan dei kalla på ein som dei ikkje trur på? Og korleis kan dei tru på ein som dei ikkje har høyrte om? Og korleis kan dei høyra utan at nokon forkynner?" (Rom 10,14). Desse orda er skrivne i eit avsnitt der Paulus set fokus på det jødiske folket sitt behov for å kjenna Jesus (Rom 9-11).

Arne Berge



Bryne kyrkjelyd var på besøk i Immanuelkyrkja hausten 2009



Maria og Sigrunn, ein vakker kveld i Fandrianas rismarker



Ivrige skuleelevar bygger papir-menneske og lærer seg engelsk!



Glad leik etter undervisning

Eit år av ei anna verd

Eg sit i ein lett bomullskjole med PC'en på fanget og et litchy, ein av mange tropiske frukter som er i sesong no. Ute skin sola og fuglane kvitrar. Datoen er 16.januar, gradestokken viser 25 grader.

No har eg budd på Madagaskar i godt og vel tre månader, og har nett kome tilbake frå Hald-kurs i Nairobi, Kenya, der me møtte medelevar og utveksla erfaringar.

Men kva er det eg driv med, eigentleg? Eg studerer interkulturell kommunikasjon på Hald Internasjonale Senter i Mandal. Der går eg på Connect, som er NMS si linje på skulen. Me har omtrent seks veker med kurs før og etter eit seks månader langt praksisopphald i forskjellige land. Eg har mitt praksisopphald her på Madagaskar, nærare bestemt i den vesle byen Fandriana. Etter fire veker med intensiv læring av språk og kultur på den gamle misjonsstasjonen, vart me sende ut to og to.

I Fandriana bur eg og min team-mate Sigrunn Grønningen Aa frå Karmøy, og der arbeider me i lag som engelsklærarar for gassiske elevar i forskjellige aldrar. Me fordeler tida mellom lærarskulen SFM og KLAf, ein privat ungdomsskule/vidaregåande driven av den gassiske kyrkja. Hovudparten av undervisninga er leik og song, ein svært populær måte å lære å bruke engelsk aktivt. Songen «Head and shoulders, knees and toes» slo for eksempel godt

an, både hjå elevane på 10-16 år og hjå lærarstudentane på 18 og oppover. Det neste blir «If you're happy and you know it», nyleg omskriven til «If you want to stay healthy» for å lære vekk helserelaterte uttrykk.

Me får og sett ein del av landet og det flotte folket som bur her. Me har fått kome inn på folk sine liv, og høyrte korleis det er å vere gassisk i ei moderne verd. Me får også sett nokre av dei mange prosjekta som NMS er meir og mindre involverte i. Det var ein augeopnar å lære korleis rolla som «misjonær» er i endring, frå det tradisjonelle «prest som reiser ut i bushen» til «rådgjevar for organisasjonar i ei sjølvstendig nasjonal kyrkje». Det er spanande å få vere ein del av utviklinga.

Mottoet til Hald er «eit år av ei anna verd», og det er det verkeleg! Alt det me får oppleve gir lærdom for livet. Det er veldig nyttig å koma nærare eit anna folk, lære eit anna språk og vere utlending ei stund. Ein del av kurset når me kjem tilbake til Hald vil vere informasjonsarbeid, ein flott sjanse for oss til å fortelje alt det me har opplevd. Kanskje kjem eg til di foreining eller gruppe og fortel litt til våren?

Maria Johannessen
Hald-student frå Bryne



Nestleiar i Time sokneråd, Willy Finnbakk les opp tenestebrevet frå Det Norske Misjonsselskap (NMS) til Leah og Kristian Tjemsland. Til høgre generalsekretær i NMS, Jeffrey Huseby. Barna frå venstre er dåpsbarnet Simon Josef og Oskar.

Misjonærvigsla i Time

Det var flott å vere til stades i Time kyrkje nyttårsdagen 2012. I gudstenesta blei Leah og Kristian Tjemsland vigsla til misjonærar i Det Norske Misjonsselskap (NMS). Dei skal tenestegjere i Carlisle i England. Tjemslands har tre gutar, og den yngste vart døypt i den same gudstenesta.

Ekteparet Tjemsland hadde med seg personlege forbedarar. Generalsekretær i NMS, Jeffrey Huseby, preika og stod for vigslinga og forbøna. Representantar frå Time sokneråd var også med, mellom anna med tekstlesing og framstilling av ekteparet. Regionsleiar Lars Sigurd Tjelle i Region Stavanger, var også med.

NMS-foreiningane i Time stelte til ein flott kyrkjekaffi på Kyrkjetorget etter gudstenesta. Det var helsingar og ønske om Guds signing. Fleire ga også uttrykk for stor glede over å oppleve misjonærvigsla i kyrkjelyden, og at ho var til inspirasjon for misjonsforeiningane i deira arbeid. Kyrkjelyden ønskjer å stå bak misjonærfamilien i bøn og med støtte.

Både Leah og Kristian har begge bakgrunn som misjonærbarn, frå Manilla og Hong Kong. Leah er massasjeterapeut og har mykje erfaring frå barnearbeid. Kristian har ein mastergrad i teologi frå USA og har vore ungdomspastor der. Han har tidlegare også vore ungdomsarbeidar i Gand og Hundvåg kyrkjelydar.

Misjonærtenesta vert i Nord-England i Den anglikanske kyrkja, Carlisle bispedøme. Dette er Stavanger sitt vennska-

psbispedøme. Då den engelske biskopen i 2008 besøkte Stavanger biskop og NMS, bad han NMS om hjelp til å drive barne- og ungdomsarbeid. Situasjonen var kritisk for kyrkjelydane i hans bispedøme, kunne han fortelje, og dei var i ferd med å misse ein heil generasjon for kristen tru. 80% av kyrkjelydane hadde verken barn eller ungdom med i gudstenester og anna av kyrkjelydane sitt arbeid. I 2009 reiste dei første misjonærane til Carlisle. Og no fylgjer ekteparet Tjemsland etter. Dei skal vere med å byggje opp ungdomsyrkjelydar i Carlisle domprosti, samt eit nettverk av slike i heile bispedømet. I tillegg skal dei leggje til rette for at "eittåringar" som kjem frå Brasil, Thailand og Noreg, får gode arbeidsforhold. Eit anna satsingsområde er hjelp og rådgjeving til ungdom i vanskelige livssituasjonar. Base for dette arbeidet er gjenbruksbutikkar som den anglikanske kyrkja driv.

Som kyrkjelyd ønskjer me Guds signing over familien Tjemsland si teneste. Det vert spanande å få rapportar tilbake til kyrkjelyden om korleis arbeidet går.

Kjell Børge Tjemsland



Torsdags-Treff

**I Bryne kyrkje
(peisestova)
kl. 14.30 - 16.30**

16. februar: Sigmund Harbo:
"Å vokse i alder og visdom"
Refleksjoner om takknemlighet".
Andakt: Else Marie Bue
Tor Salte: Visesang
Matøkt og prat

15. mars: Renate Serigstad:
"Barndom og Oppvekst i Hitler-Tyskland"
Andakt: Stein Ødegård
Matøkt og prat

19. april: Anne Sofie Haarr: "Vårglede!"
Sangstund og andakt
Matøkt og prat

Alle er velkomne

MOT ET NYTT LIV

**Åpen temakveld
i Klepp kirke
Tirsdag 28. februar kl. 19.30**

Sykehusprest Leni Mæland
Hvordan sorg og tap forandrer oss
Musikkinnsalg
Orientering om sorgstøttegrupper
Enkel servering
Gratis adgang



Diakonene i Den norske kirke i
Sandnes, Jæren og Egersund



Religion i Bistandsarbeidet - kvifor ikkje?

**Bryne kyrkje
4. mars kl. 19.00**

**Generalsekretær i Digni
JØRN LEMVIK**

Song av Jærklang
Misjonsglimt
Servering av frukt
Bryne sokneråd v/Bryne sokneråd

Alle er velkomne!
Misjonsutvalet v/Bryne sokneråd



**Jentegruppa
SEVEN
deltek på
familiegudsteneste
i Bryne kyrkje
søndag 5. februar**

Alle som går i 1. til 7. klasse kan få
vera med og syngja!

Send ei melding til 90018708 om
du vil vera med og møt opp kl.
10.00 den 5. februar i Bryne kyrkje!



Ei slitesterk tru: BIBELKVELDAR I BRYNE KYRKJE (peisestova)

Ondag 14. mars kl. 19.00:

Tema: Korleis gje trua vidare til nye
slekter?

- Oppfordringa i Bibelen til å gje trua vidare
- Korleis kan det skje på ein truverdig måte?

Innleiar: Prost Ludvig Bjerkreim

Onsdag 18. april kl. 19.00:

Tema: Kva kjenneteikner ei sigrande
tru?

- Om "åndskamp" i Bibelen og kyrkja si historie
- Korleis skjer "kampen" i dag - og kva krevst av oss?

Innleiar: Jens Olav Mæland
Høve til spørsmål og samtale.
Me sløyfer kveldsmåltid dette semesteret,
men tar ein kopp te eller kaffi til slutt

*Hjarteleg velkomne!
Bryne sokneråd*

**Velkommen alle
1.klassingar
til dåpsskule!**

Dåpsskulen på Bryne og Rosseland
startar opp i veka etter vinterferien.
Me har fire etter-skuletidsamlingar, og
ei helg med "bu-heime-leir" i Bryne
kyrkja, der me til avslutning deltar på
gudstenesta i Bryne kyrkje. Dette blir
gildt!

- Følg med i postkassen! Der kjem
det brev om ikkje lenge med invitas-
jon

Per Olav Egeland og Jorunn Pettersen

TEMAKVELDAR TIME KYRKJA



Me er mange som er glade i kyrkja og
kyrkjetorget. Det viser seg når det er
gudsteneste og kyrkjekaffi. Mange har
behov for å koma saman til fellesskap
og samtale. Time sokneråd har valt ein
komité, Hermund Lende, Møyfrid Stokka og
Amund Undheim, som skal ha ansvar for
to møtekveldar vår og haust. Til vanleg vil
desse møta vera på kyrkjetorget. Det kan
og verta samlingar der me brukar kyrkje-
rommet, slik som den første kvelden me
hadde med salmekveld ved Arve Brunvoll.
Meininga er at kjende personar skal
snakka om eit tema. Etterpå vil det verta
gitt høve til spørsmål og samtale. Elles vert
det matpause og til slutt ord for dagen.

**Den andre kvelden i vår vert
torsdag 1. mars kl. 19.00**

Då har me fått med oss tidlegare ordførar,
Arnfinn Vigrestad, som har temaet: «Glimt
frå ordførartida».

Marta Fotland vert med og spelar klarinett.

*Alle velkomne, også dykk utanom
sjølve Timebygda.*

SEMINAR FOR ALLE GIFTEKLARE




**VELKOMMEN TIL
BRYNE KYRKJE
ONSDAG 14. MARS
kl. 18.00 – 20.00**

Her får du hjelp til å finne musikk og salmar
til vigsla i kyrkja

Du får høyra ulike salmar og bryllaupsmarsjar

Det vert orientering om vigselritualet,
nødvendige skjema som må fyllast ut og
presentasjon av samlivskurs
Enkel servering

Påmelding til Time kyrkjekontor:
Tlf. 51 77 03 77 eller E-post:
ekspedisjon@time-kyrkja.no



Seminaravgift ved fram møte kr. 100,- pr. par
Vel møtt!

*Arr:Prosten og organistane i
Jæren prosti*



Bryne 9:13

Forskjellige aktivitetar,
andakt og kafé for 4-7. trinn
i Bryne kyrkje kl. 17.30-19.30
Desse dagane:

**2. februar, 16. februar
1 mars, 15. mars, 29. mars**



**AKTIVITETEN
på SARON
Våren 2012
Torsdager**

kl. 19.00 – 21.00

Fra 6. klasse annenhver torsdag
2. februar, 16. februar
1. mars, 15. mars, 29. mars
Modellfly bygging og simulator, bil
og elektro byggesett
Velkommen Misjonsambandet



**M-AKS-KLUBBEN
Våren 2012**

M-Aksklubben for 1.-4.klasse

Tysdag kl.17.30-19.00

M-aksklubb: 7. februar, 20. mars
M-aksklubb med formingsgruppe
14. februar, 28. februar, 6. mars
13. mars, 27. mars
Vinterferie 21. februar

M-aksklubb BASAR:

Laurdag 24. mars kl. 16.00
Medlemskontigent: kr 50,- pr kalenderår.
(Betal så snart som mogleg)

*Bryne misjonslag, tilslutta NLM,
driv M-aks-klubben*



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Vårfest "Vi over 60"

**Sundag 25. mars
blir det vårfest
i Undheim kapell
kl. 15.00**

Prost Kjell Børge Tjemsland blir med
Innslag med song og musikk
Kulturskuleelevar deltek
Det blir allsong, god mat, kaffi og tid til
drøs
Hjarteleg velkomen

Arr: Time Diakoniutval



- SMÅBORNSTREFF for heimeverande med små born – "BYGGEKLOSSEN"

Alle onsdagar i oddetalsveker kl. 10.00-
12.00 i peisestova i Bryne kyrkje:

Datoar våren 2012:

1.februar, 15.februar, 29.februar,
14.mars, 28.mars, 11.april, 25.april,
9.mai, 23.mai og 6.juni

Program:

- Musikkksamling kl. 10.00-10.30 med
Per Olav Egeland
- Leik for barna
- Matpakkelunsj
- Kr 10 pr. gong

Har du spørsmål eller leiker som
Byggeklussen kan bruka, ta kontakt med
kyrkjekontoret på tlf 51770377 eller
send e-post til diakon@time-kyrkja.no
Alle er hjarteleg velkomne



Lye forsamlingshus

Onsdagsmøter

8. februar IMF NB: kl. 20.00
15. februar NLM
22. februar Vinterferie
29. februar NORMISJON
7. mars NMS
14. mars IMF NB: kl. 20.00
21. mars NLM
28. mars NORMISJON

FREDAG I FELLESSKAP!

Stad: Lye forsamlingshus og Lye skule
Fredag 3. februar kl. 16.30 – 19.00
for menneske i alle aldre
Vi ønsker eit fellesskap for alle på Lye!
16.30 - 17.20 Middagsservering. 20 kr
barn/40 kr voksne/100 kr familie
17.30 - 18.00 Møte m/ andakt av
Ole Tørring, sang av Agape
18.00 - 19.00 Grupper, fordelt rundt
om på Lye skule:
- Lekerom for 0-5 år: Radiostyrte bilar,
spill, sugerøyr flyging, dukker m. m.
- Forming
- Dansegruppe
- Bakegruppe
- Kaffekroken med spill og drøs
- Klatring
- Innebandy: Ta med inneskio!

Hold av fredag 2. mars
til neste Fredag i fellesskap!



Misjonstidende
forteller om
virkelige folk og
hendelser.

Ta kontakt for
abonnement:
Tlf 51516100

Full pris: kr 395
Tilbud: kr 300

Møt "hele" verden gjennom
misjonstidende

Hus for norske forhold

Jernbanegaten 9, 4340 Bryne
tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no

PB
PIZZABAKEREN™
Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

Varmepumper
Fri befaring?
Send SMS med
AC til 1963
www.acsenteret.no
Prestegårdsmarka 4,
Lye, 4340 Bryne
Tlf: 51 77 78 70
ACsenteret

PERSIENNER Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net
LAMELLGARDINER
RULLEGARDINER
PLISSÉGARDINER
SCREENDUK
MARKISER
GRATIS MÅLTAKING Kirsch REX VEM TUNDRA
www.jaersol.no

JærTannlegene
Heidi Boe Honningsvåg | Christian Ø. Hjulstad
Jaertannlegene.no | 51484800

TEAM BYGG

BYGG MESTER
**JENS GERLACH
SØRENSEN A/S**

SPAR

**BERGENE
MASKIN**

MØBELRINGEN
I. Bjørnsen A/S
Jærv. 250,4340 Bryne - 51 78 50 20

JÆREN HOTELL

Kjøpe eller
selge bolig?

Ring 51 77 80 00
Terra Eiendomsmegling Jæren AS
www.terra.no

Ditt område. Vår lokalkunnskap.

TERRA
EIENDOMSMEGLING

TIME SPAREBANK
-for Jæren

KIWI mini pris
Bryne Torg tlf. 51 48 16 50

KIWI mini pris
Bryne Torg tlf. 51 48 33 93

Johansen Elektriske as
Postboks 510 - 4349 Bryne
Tlf: 51 48 01 01

BØRGE UNDHEIM A/S
KYLINGOPPDRETT

Litlaundheimsvegen 135
4342 Undheim
Tlf 51 48 89 00



BRYNE SØNDAGSSKULE

Stad: Trollongane barnehage, Kjeldevegen 1

Tid: søndag kl.10.45

Datoar:, 12.februar, 26.februar, 11.mars, 25.mars og 22.april

Vi syng, høyrer bibelfortellingar, leiker og lagar ting.

Velkomen!

Søndagsskolen, Rogaland krets

VELKOMEN TIL "SUNDAGSTREFF"

19. februar, 25. mars og 29. april

kl. 18.00: Song, ringleik, kaffi og drøs i peisestova i Bryne kyrkja.

kl. 19.00: Ein enkel gudsteneste i kyrkjesalen

Arrangementet er ope for alle og tilrettelagt for menneske med utviklingshemming
Grillfest ein torsdag i mai!

Hjarteleg velkomen



FRELSESARMÉEN BRYNE

Det er bønn før Gudstjenestene søndag kl.10.30
Gudstjeneste kl.11.00 og søndagskole samtidig
Bønnemøter annenhver onsdag kl.19.30
Hjemforbundet hver tirsdag kl.19.00
Sangøvelse annenhver mandag kl.19.00
Over de 60, siste torsdag i måneden kl.14.30
FABU-klubb annenhver fredag kl.17.30
Kafe William torsdager kl.12.00 -14.00, siste
torsdag i måneden kl.19.00

Søndag 5.februar
Gudstjeneste og søndagskole kl.11.00 bønn
kl.10.30. Tale v/Helge Krosli sang av Karin Krosli.

Mandag 06. februar
Øvelse Fellesmusikken kl.19.00

Tirsdag 07. februar
Hjemforbundet kl.19.00

Fredag 10. februar
FABU-Klunnen kl.17.30

Søndag 12. februar
Gudstjeneste og søndagskole kl.11.00, bønn
kl.10.30 tale v/Åslaug Høyland, sang av Felles-
musikken.

Tirsdag 14. februar
Hjemforbundet kl.19.00

Onsdag 15. februar
Ordet i sentrum, møte i Stavanger kl.19.00

Vårfest lørdag 18.februar kl.19.00
Besøk av majorene Anne Lise og Arne Undersrud
sang av Svilandskarane. Utlodning og bevertning

Søndag 19. februar
Familiegudstjeneste majorene Anne Lise og Arne
Undersrud, sang av Fellesmusikken.

Mandag 20. februar
Øvelse for Fellesmusikken kl.19.00

Tirsdag 21. februar
Hjemforbundet kl.19.00

Torsdag 23.februar
Over de 60. kl.14.30 Tale v/Andreas Haarr, sang
av Anne Sofie og Per Haarr

Fredag 24.februar FABU-klubb kl.17.30

Søndag 26 februar
Gudstjeneste og søndagskole. Tale v/oberst Erling
Mæland, sang av Fellesmusikken.

Onsdag 29.februar Bønnemøte kl.19.30

Se annonsen i Jærbladet og
plakattavla v/Frelsesarmeen.



Bedehuskirken

Bedehuskirken ImF Bryne, Saron

3. febr.	kl. 20.00 Ungdomscafé
5. febr.	kl. 11.00 Gudstjeneste
5. febr.	kl. 19.00 Gudstjeneste
16. febr.	kl. 19.30 Bibeltimer ved Karl Johan Hallaråker
17. febr.	kl. 20.00 Ungdoms- gudstjeneste
19. febr.	kl. 11.00 Gudstjeneste
19. febr.	kl. 19.00 Gudstjeneste
2. mars	kl. 20.00 Ungdomscafé
4. mars	kl. 11.00 Gudstjeneste
4. mars	kl. 19.00 Gudstjeneste
14. mars	kl. 19.30 Årsmøte
15. mars	kl. 19.30: Bibeltimer ved Ingvar Fløysvik
18. mars	kl. 11.00 Gudstjeneste
18. mars	kl. 19.00 Gudstjeneste
18. mars	kl. 20.00 Ungdoms- gudstjeneste



MØTER FOTLAND BEDEHUS 2011

Februar

03. Møte Evangelisten
04. "
05. "
08. Møte Samemisjonen
09. Årsmøte for Bedehuset
12. Møte Normisjonen
14. Møte Indresjømannsmisjonen
15. Møte Indresjømannsmisjonen
18. Ungdomstreffen

Mars

04. Søndagsskule
07. Møte Samemisjonen
09. Bedehusbasaren
11. Møte Normisjonen.
17. Ungdomstreffen
18. Søndagsskule
21. Møte Indresjømansmisjonen
22 Møte Indresjømansmisjonen
31 Ungdomstreffen

**JÆREN
MISJONS RADIO**

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

*Nærradioen
med godt nytt*

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

*Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.*

SpareBank
SR-BANK

Skaff deg større alburom

Vi hjelper deg med påbygg, tilbygg og renovering. Ring **51 77 91 91** eller **934 35 285**, og be oss ta hånd om hele prosessen. Sjekk www.byggelaget.no



Bogh Hafoe a/o
TOYOTA
Fossveien 3, 4370 Egersund
tlf. 51 46 17 00

EiendomsMegler
JÆRMEGLEREN



Alt i bøker, musikk, rekvisita,
kort og hobby i Storgata 26

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

eK Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne

Tlf. 51 48 02 11.

DØGNSERVICE 971 78 180

REMA 1000
bare lave priser

**BYGGMESTER
HERSDAL AS**
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

* *Alveland* *
BUNADER
Meierigt. 15, 4340 Bryne
www.alveland.info

WACO

Forsikringsmegling as

Koinonia
KOINONIA BOK OG MUSIKK

Motehuset Bryne Torg
Storgata 10-12 – 4340 BRYNE
Tlf. 51486520

Kverneland Bil
Vi tar ansvar!

Eskervegen 7, 4340 Bryne • Tlf. 51 77 82 82

EL-TEAM
Elektroentreprenør
Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40
E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net

Jærbladet

[tsjili]

Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til tsjili@misjonsalliansen.no eller ring 22 94 26 00.

**coop
obs!**
HYPERMARKED

FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

Vil du gi en gave
til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis
du vil den skal gå til noe
spesielt.

www.normisjon.no

Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50

www.fretex.no . Opningstider:

man/fre kl. 10.00 - 18.00

lørdag kl. 10.00 - 15.00

FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden



BLIFADDER!
www.blifadder.no
22 94 26 00 misjonsalliansen

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

”Vi gjev” - diakonalt arbeid i Time

kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

På tide med ny misjon?



Gustava Kielland
Misjonskvinneforeningens
mor. Arkivfoto.
Kjelde Misjonshøgskulen.

Sundag 15. januar starta ei ny temarekke med kveldsgudstenester i Bryne kyrkje. Denne gongen ynskjer gudstenesteutvalet å sette fokus på nye utfordringar for kyrkja og kristne i samtida med spørsmåla: Har kyrkja kome i skvis i møte med eit fleirkulturelt, materialistisk og meir sekularisert samfunn? Eller opnar dette opp for nye måtar å vera kyrkje på?

For å få eit betre innblikk i dette har gudstenesteutvalet vend seg til nokre av ressurspersonane ved Misjonshøgskulen. For kvar av kveldane vil ein av dei innleie til ulike deler av dette temaet, og som vanleg til godt tonefyllgje.

Tittel på serien er ”På tide med ny misjon?”. For 15. januar var tema ”Medkulturell eller motkulturell”.

Dei andre er

12. februar: Konsument eller disippel?

18. mars: Kristen eller religiøs?

22. april: Kristen kulturarv eller avkristning?

20. mai: Tidsklemme eller gyllen tid?

Kveldsgudstenestene i Bryne kyrkje startar kl 19.00.
Gudstenesteutvalet i Bryne kyrkje



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

20.11.11: Birk Bransdal

11.12.11: Thomas Erga, Marcus Sørødal Oma, Jon Stava Sveinsvoll, Alvide Hodne Vollsund

TIME KYRKJE

19.11.11: Ådne Rosland Krokstad, Even Svendsen, Alva Lichtblau Aarsheim

20.11.11: Svanhild Bjørnevold, Lillian Bjørnevold Mossige, Rebekka Bergene Erga, Natalie Øie, Thomas Haaland, Benjamin Johannessen Nicolaisen

UNDHEIM KAPELL

26.12.11: Hogne Norås

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

25.12.11: Malin Håland Skjørestad, Klepp kyrkje

18.12.11: Preben Berge, Søreide kyrkje



VIGDE

04.01.12: Mette Thorsen og Terje Bryne

VEGEN TILBAKE TIL GUD

”For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!. Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelser. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.

Amen



DØDE

Sara Sæl

Ingrid Helen Meland

Einar Haga

Regine Horpestad

Bjørn Herredsvola

Ruth Mauland

Walter Johannes Ødegård

Berta Norheim

Magnor Egeland

Laura Aasland

Kine-Sofie Byberg

Olav Knudsen

Björg Auglend

Amund Vinjerud

Arne O.V. Salte

Terje Bryne

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Det er lov å bry seg!



Kirkens SOS trenger flere telefonvakter!

Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 22. september 2010.

Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22.

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995

e-post: rogaland@kirkens-sos.no

www.kirkens-sos.no



Vi er her. Alltid.



NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne • Tlf. 951 06 028

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10.00 - 17.00

lørdag kl. 11.00 - 15.00

VARELEVERING MED MEINING HANDEL MED MEINING



www.obed.no

—Jærbyrået

24-timers vakttelefon
tlf: 51 77 80 80

Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd

Et sted for frihet og forandring



Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermaterogaland@emmaus.no
Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes www.fermaterogaland.no

KROGEDAL
begravelsesbyrå

DØGNVAKT
51972900

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny A. Skretting
Edvard Helland og Oddbjørg Foldø
Kontor: Bryne og Sandnes

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER
Ny hjemmeside:
www.krogedal.no



Velkommen til gudsteneste

Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl. 10.00

TIME KYRKJE:

Frode G. Fotland

51 48 71 11 - 90 74 84 03

Dorteia Haugland 51 48 70 04

Ring før kl. 09.30



Søndag 5. februar

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Søndag 12. februar

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Rosseland skule	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 19. februar

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Søndag 26. februar

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 4. mars

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 19.00

Søndag 11. mars

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Søndag 18. mars

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Rosseland skule	kl. 11.00
Undheim kapell	kl. 10.30

Søndag 25. mars

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Mark. 4, 26 – 34

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Søndagsskule

Mark. 9, 2 – 13

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Familiefokus. Nattverd
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 12, 20 – 33

Gudsteneste. Dåp. Nattverd
Sundagstreff. Arrangementet er tilrettelagt
for menneske med utviklingshemming
Familiegudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule

Matt. 16, 21 – 23

Høgmesse. Nattverd
Gudsteneste. Dåp

Luk. 7, 36 – 50

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp

Mark. 9, 17 – 29

Høgmesse. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd

Joh. 3, 11 – 16

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste. Dåp

Luk. 1, 46 – 55

Familiemesse. Dåp. Nattverd
Sundagstreff. Arrangementet er tilrettelagt
for menneske med utviklingshemming
Familiegudsteneste. Dåp

TRYKK
WWW.JPRINT.NO

DESIGN • TRYKK • KOPIERING • INNBINDING

SAKER

952 99 844

VARDHEIVEGEN 60, BRYNE
trykkeri@jprint.no

JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN